



DEN NORSKE KYRKJA
Møre bispedømeråd

del 25
Kultur- og kirkedep.
KI
Saksnr. 200403511 Date 15.11.05
Kode K-546 Deb.

Kyrkje- og kulturdepartementet
Kyrkjeavdelinga
Postboks 8030 Dep
0030 OSLO

Dato 11.11.05

Vår ref.03/20

Dykkar ref. 2004/03511 KIF

Dykkar dato 19.09.05

KOMMUNALE PRESTEBUSTADER – HØYRING OM ENDRINGAR I BUSTADREFUSJONSORDNINGA

Møre bispedømeråd leverer desse synspunkta etter høyringsfristen, men vonar likevel dei kan bli tekne med i det vidare arbeidet. Vi summerer opp våre viktigaste merknader i følgjande fem punkt:

1. Møre bispedømeråd sluttar seg i hovudsak til arbeidsgruppa sitt forslag til endringar av refusjonsordninga.

Vi har gjennom mange års kontakt og drøftingar med kommunar omkring forvaltning av kommunale prestebustader fått ein del kritiske merknader til gjeldande ordning. Særleg dei kommunane som har skaffa nye prestebustader har påpeikt manglande samanheng mellom utgiftene dei har og refusjonen dei får. Vi ser det som ein fordel at refusjonen vert nærare knytta opp til dei faktiske utgiftene som kommunane har over tid, særleg gjeld det rentekompensasjonen.

2. Det bør i større grad sikrast at kommunane faktisk utfører vedlikehald.

Vi ser at kommunane sitt vedlikehald av dei kommunale prestebustadene er av svært varierende kvalitet. Vi meiner at eit auka vedlikehaldstilskot må følgjast av ei tydelegare krav om at kommunen faktisk utfører naudsynt vedlikehald. Opplysningsvesenets fond eller bispedømeråda må ha høve til å be om dokumentasjon på bruken av vedlikehaldsmidla.

3. Vi har innvendingar mot ei meir restriktiv ordning når det gjeld leigde bustader.

Vi meiner at kyrkja og prestetenesta no er i ei fase der fleksible bustadordningar må vere tilgjengelege. For det fyrste er prestane sine geografiske tenestedistrikt i sterk endring. For det andre vil heile bustadordninga snart vere under debatt. Leigde prestebustader vil i ei overgangperiode vere ei fleksibel løysing som både bispedømeråd, prestar og kommunar kan ha fordel av å bruke.

4. Retningsliner for bustadstandard


Det er forvaltingsmessig uklart at departementet ikkje har tydelegare standardkrav for dei kommunale bustadane. PF har gjennomgåande standardkrav, og OVF har standardkrav til fondsbustadane. Bispedømeråda må (og ønskjer) å drive bustadforvaltninga med PF som part etter regelverket


5. Dei nye tenesteordningane stiller bispedømeråda si bustadforvaltning overfor nye utfordringar

Prestane vert etterkvart mindre knytta opp mot avgrensa distrikt. Dei vil dermed og få mindre "kommuneidentitet." Det vil gjelde for presten, men det vil og bli mindre tydeleg for kommunen at den har "sin" prest.

Dei utvida tenestedistrikta gjer det og meir uklart korleis soknemøte og sokneråd skal inn i prosessen når det skal avgjerast kvar nye prestebustader skal liggje. Dette må gjennomtenkast på nytt.

Med helsing


Jan-Egil Korseberg
stiftsdirektør


Inge Morten Haarstad
seniorrådgjevar